

Han Fanta-Sjur.

Han Jørn-Jokkom ~~es~~ å Sjur på Håjen  
 æin søndagsmårå jækk ne i våjen.  
 Dæi hadde på sine bæsste klæ.  
 Å Sjur tok fanta-naturæ mæ.

Dar låg æi bøsskuta, jødnenglasta,  
 mæ ankre långt ut på våjen kasta,  
 å sværa tråsse, belegt i lann.  
 Ombor dar va ~~kye~~ å sjå æin mann.

Han va æin utkrøpen skøyar, Sjur'n.  
 Å plan'n hass va, på dæidne tur'n  
 å væta Jørninjen sine klæ.  
 Hidn ante injen teng, å jækk mæ.

Sjur æntra lanntøje ut te prama,  
 å sa te Jokkom: "Jær Du da sama."  
 Å hidn, so ikkje va føre vær,  
 han vidle 'kje vera mendre kar.

Å Jokkom ság onne tøje smætte.  
 Å morsk i hojen han æntra ætte.  
 Mæn Sjura-fant'n, dæn skøyar-haus,  
 på pramå små-lerka tråsså laus.

Å mæ han fot'n på tøje trakka,  
 han litt om gânjen fækkt ut da slacka,  
 so fint at Jokkom da ikkje såg  
 før han på ryggjen i sjød'n låg.

Mæn Jokkom lo no te sist dæn gânjen.  
 Før Sjur'n rudla i bysjit-donjen.  
 Han Jokkom vart nåkk i klæna våt,  
 mæn Sjur'n fækkt nåke mæir att åt.

Å detta va nåke mykkje værre.  
 Da va so visst ikkje væta bære - - -.  
 Mæ skabm, å sjeten han hæim laut gå.  
 I klæna va han kje pæn å sjå.

No Sjura-fant'n omkreng ság kjika.  
 Me ~~titur~~ kje han hæidler klæna lika.  
 Åin nase-styvar han måtte ha.  
 Me vonar kuren må verka bra.

Johs.M.L.Rydland.